



Ynskjer du meir informasjon, kontakt:

Fagleg leiar/sjukepleiar i OOI, Svelgen og Davik

Jill Kvamme, 916 58 524

Fagleg leiar/sjukepleiar i OOOY, Bremanger

Therese Grotle Eikeset, 959 82 969



Bremanger kommune
2015



Kvardagsrehabilitering

"Eit tilbod til deg som ynskjer trening i eigen heim for å bli mest mogleg sjølvstendig i eige liv."



Kva er kvardagsrehabilitering?

- Tidsavgrensa rehabilitering der du trenar på daglege gjeremål i heimen din
- Ei tverrfagleg gruppe gjer systematisk kartlegging, og vurderer om du er aktuell for kvardagsrehabilitering
- I samarbeid med deg utarbeidar vi mål for kva du tykkjer er viktig å meistre i kvardagen din
- Måla dine vil vere utgangspunktet for rehabiliteringa.

Kvardagsrehabilitering passar for deg som har hatt eit funksjonsfall og har fått problem med kvardagslege gjeremål, og som ynskjer å trene deg opp til å meistre desse igjen.



Kva kan du forvente av oss?

- Vi kjem heim til deg
- Vi trenar med deg på dei gjeremåla som er viktige for deg å meistre i kvardagen din
- Evaluering av framgang og justering av mål vil skje undervegs

Kva forventar vi av deg?

- At du er villig til å gjere ein innsats for å vinne tilbake det du tidlegare meistra, slik at du i størst mogleg grad kan klare deg sjølv i kvardagen